

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/3950-1

Bygge- og eideomsforvaltninga - felles organisering for driftsteknisk personell

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet tek orienteringa til vitande, og sluttar seg til opplegget og framdrifta som fylkesrådmannen skisserer i saksutgreiinga.

Vedlegg: Presentasjonen, organisasjonsutvikling innan bygge- og eideomsforvaltninga

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing

Fylkesrådmannen etablerte i 2003 egne team for driftsteknikarane i Førde og Sogndal samt ved Årdal vidaregåande skule. Driftsteknikarane har her si organisatoriske forankring i sentraladministrasjonen ved bygge- og eideomsstenesta. Dei andre driftsteknikarane i fylkeskommunen er organisatorisk tilknytte institusjonen der dei har sin daglege arbeidsstad. Fylkestinget handsama i sak 23/08 utgreiinga «Prosjekt i forvaltningsrevisjon – bygge- og eideomsstenesta». I utgreiinga, utarbeidd på oppdrag frå kontrollutvalet, peika forvaltningsrevisjonen på at bygge- og eideomsforvaltninga frå 2003 har hatt ei mellombels, todelt organisering. Fylkestinget la i handsaminga vekt på at fylkesrådmannen, etter ein gjennomgang av ordninga med driftsteam, skulle innføre ei felles organisering for heile bygge- og eideomsforvaltninga.

Fylkestinget gjorde i sak 23/08 slikt vedtak:

1. *Fylkestinget tek rapporten «Prosjekt i forvaltningsrevisjon – Bygge og eideomsstenesta» til etterretning. Fylkestinget syner særleg til dei konklusjonar og tilrådingar som kjem fram i pkt. 8 i rapporten.*
2. *Fylkesrådmannen avgjer tidspunkt for gjennomføring i samråd med fylkesutvalet.*

Fylkesrådmannen ser det slik at slutføringa for å få ei sams organisering for alle driftsteknikartenestene framleis står att. Han har i brev til kontrollutvalet 22.02.2013 signalisert at han vil gjere ei vurdering av driftsteknikartenestene si organisering med sikte på ei justering frå seinast 01.01.2015. Fylkesrådmannen meiner det på lengre sikt også vil vere føremålstenleg å vurdere organiseringa av desse tenestene i samheng med andre driftsrelaterte tenester, men organiserer i første omgang alle driftsteknikarane inn under bygge- og eideomsstenesta.

2. Bakgrunn

Dagens organisering

Bygge- og eideomssjefen har den administrative og faglege leiinga av bygge- og eideomstenesta, og er ansvarleg for forvaltning, drift, vedlikehald, service og utvikling ved alle fylkeskommunale bygg og eideomar. Fylkeskommunen har i dag ikkje ei sams organisering for driftsteknikartenestene som servar bygnings- og eideomsmassen. Bygge- og eideomstenesta har etablert egne driftsteam for tenestene i Førde og Sogndal samt ved Årdal vidaregåande skule. Driftsteknikarane har her si organisatoriske forankring i sentraladministrasjonen, ved bygge- og eideomstenesta. Dei andre driftsteknikarane er organisatorisk tilknytte den aktuelle institusjonen der dei har sin daglege arbeidsstad. Dette gjeld for bygnings- og eideomsmassen i Stryn, Eid, Sandane, Måløy, Florøy, Dale, Høyanger og Aurland innan vidaregåande opplæring.

Dagens organisering trådde i kraft 01.08.2003, etter vedtak i fylkestinget i sak 41/01. Vedtaket slo fast at bygge- og eideomsforvaltninga skulle organiserast slik:

- a) Ei sentral bygge- og eideomseining med ansvar for å ivareta eideomane sin realverdi og for å utføre eigar sine oppgåver. Eininga vart etablert som eige resultatområde direkte under fylkesrådmannen.
- b) Vaktmeistrane i og rundt Førde og Sogndal vart organisatorisk overførte til den sentrale bygge- og eideomstenesta, slik at både fag- og personalansvar vart ivareteke sentralt. Det vart etablert to driftsteam leia av kvar sin driftsleiar.
- c) I tillegg skulle, som ei prøveordning, ein vaktmeister frå ein skule utanom Førde/Sogndal-området overførast organisatorisk til den sentrale bygge- og eideomseininga.
- d) Dei andre vaktmeistrane skulle framleis vere knytte organisatorisk til institusjonane, men skulle ha tilnærma same stillingsbeskriving og få same faglege oppfølging av bygge- og eideomstenesta som dei sentralt tilsette vaktmeistrane.
- e) Det vart oppretta brukaravtalar for dei einskilde institusjonane som beskriv rettar og plikter for eigar/forvaltar og brukar.

Følgjande fylkeskommunale institusjonar kom med i ordninga med driftsteam:

Driftsteam Førde:

Hafstad vidaregåande skule,
 Øyrane vidaregåande skule,
 Mo og Jølster vidaregåande skule
 Administrasjonsbygget på Prestebøen 8

Driftsteam Sogndal:

Sogndal vidaregåande skule
 Luster vidaregåande skule
 Fylkeshuset
 Fylkeskommunale bustader på Leikanger

Årdal vidaregåande skule inkl. avdelinga i Lærdal kom også med i ordninga.

Utarbeiding av brukaravtalar for kvar einskild institusjon vart gjort før ordninga vart sett i verk. Avtalane fekk ei prøvetid på eitt år frå 01.08.2003. Nye brukaravtalar vart drøfta i 2004 og gjort gjeldande frå 01.01.2005. Desse er heretter rullerte kvart 4 år. Fylkesrådmannen understrekar at situasjonen er noko endra, då Storehagen Atrium og Sogn og Fjordane Kunstmuseum no utgjer ein del av institusjonane der driftsteam Førde har ansvar for teknisk drift og vedlikehald. Administrasjonsbygget på Prestebøen er selt til Førde kommune.

Evaluering av driftsteamorganiseringa i 2006

Etter fylkestinget sitt vedtak i sak 41/01 skulle ordninga evaluerast i 2004, med sikte på ei påfølgjande utviding av driftsteamordninga. Dette vart ikkje gjennomført, då ein på dette tidspunktet hadde for kort erfaring til å gjere ei reell vurdering. Førebelse erfaringar vart likevel drøfta med alle fylkeskommunale institusjonar hausten 2004. Eit sentralt drøftingspunkt var m.a. erfaringane med utføring av brukarservedelen. Dette inneber den delen av arbeidet for driftsteknikarane som ikkje er drifts- og vedlikehaldsorientert, t.d. postombering, varehenting m.m. Med få unntak var institusjonane nøgde med ressursen som var avsett til desse føremåla.

Fylkesrådmannen gjennomførte ei breiare evaluering av nyordninga våren 2006, der rektorane, leiargruppa, opplæringsavdelinga, tillitsvalde og tilsette ved bygge- og eideomstenesta gav uttrykk for sine erfaringar gjennom ei spørjeskjemaundersøking. Eit fleirtal uttrykte at erfaringa med driftsteam synta auka kompetanse på drift og vedlikehald og styrka problemløysinga på tvers av institusjonane. Fylkesrådmannen vurderte evalueringa samla sett som positiv når det gjaldt driftsteamorganiseringa, og la fram ei eiga sak om evalueringa til Hovudsamarbeidsutvalet (HSU) i 2006.

Forvaltningsrevisjonen sin rapport om bygge- og eigedomstenesta i 2008

Fylkestinget handsama i sak 23/08 utgreiinga «Prosjekt i forvaltningsrevisjon – bygge- og eigedomstenesta». I utgreiinga, utarbeidd på oppdrag frå kontrollutvalet, peika forvaltningsrevisjonen på at fylkestinget si organisering av bygge- og eigedomstenesta frå 2001 var ei mellombels, todelt løysing. Fylkestinget la i handsaminga vekt på at fylkesrådmannen, etter ein gjennomgang av ordninga med driftsteam, skulle ta initiativ til å innføre ei felles organisering for bygge- og eigedomsforvaltninga.

Fylkestinget gjorde i sak 23/08 slikt vedtak:

1. *Fylkestinget tek rapporten «Prosjekt i forvaltningsrevisjon – Bygge og eigedomstenesta» til etterretning. Fylkestinget syner særleg til dei konklusjonar og tilrådingar som kjem fram i pkt. 8 i rapporten.*
2. *Fylkesrådmannen avgjer tidspunkt for gjennomføring i samråd med fylkesutvalet.*

Fylkesrådmannen ser det slik at innføringa av ei sams organisering for driftsteknikarane framleis står att.

3. Vurderingar og konsekvensar

Organisering og overføring av ressursar frå 01.01.2015

Det er eit mål å finne fram til ei mest muleg effektiv og fagleg god forvaltning av den fylkeskommunale eigedomsmassen. Fylkesrådmannen meiner vi har oppnådd ei god ressursutnytting og ei tenleg organisering, m.a. for å kunne prioritere teknisk retta oppgåver på tvers av institusjonar, gjennom ordninga med driftsteam i bygge- og eigedomstenesta.

Følgjande institusjonar innanfor opplæringssektoren er i dag ikkje knytte til driftsteamordninga, og desse er for skuleåret 2013-14 tildelt slik stillingsressurs:

Sogn jord- og hagebruksskule	1,00
Høyanger vidaregåande skule	2,00
Dale vidaregåande skule	0,75
Flora vidaregåande skule	2,00
Firda vidaregåande skule *	1,50
Eid vidaregåande skule	1,50
Stryn vidaregåande skule	2,00
Måløy vidaregåande skule	2,00
Sum	12,75

** Av dette kjøper Trivselshagen AS tenester tilsvarande 0,33 stilling*

Bygge- og eigedomssjefen har også ansvar for drift og vedlikehald ved utleigebustadar på Nordfjordeid, Lærdal, Leikanger og i Førde. Det er også knytt driftsoppgåver til bygningane som fylkeskommunen leiger/eig for tannhelsetenestene. Bygge- og eigedomssjefen har også eit rådgjevings- og oppfølgingsansvar knytt til kulturinstitusjonane utanom Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

Fylkesrådmannen legg til grunn at ei ny organisering ikkje skal medføre meirkostnader. Overføringa av driftsteknikarane til bygge- og eigedomstenesta inneber ei teknisk overføring av lønsmidlar frå opplæringssektoren til tenesta. Ein konsekvens er at bygge- og eigedomstenesta får eit meirarbeid i høve arbeidsplanlegging, oppfølging og personalansvar. Den administrative og økonomiske ressursfordelinga mellom bygge- og eigedomstenesta og institusjonane skal difor avklarast fram mot 01.01.2015, slik at vi sikrar at desse oppgåvene vert ivaretekne best muleg i den endelege organiseringa.


Organisasjonsform for driftsteknikarane

Ei sams organisering inneber først og fremst at bygge- og eigedomssjefen får personalansvaret for alle driftsteknikarane. Fylkesrådmannen ønskjer å nytte tida fram til 01.01.2015 til å finne ei føremålstenleg intern organisering i bygge- og eigedomstenesta. Ei mulegheit er å innføre driftsteam som organisasjonsform for alle driftsteknikarane i den fylkeskommunale bygge- og eigedomsforvaltninga.

Uavhengig av korleis ein vel å organisere arbeidet, vil fylkesrådmannen understreke at driftsteknisk personell framleis skal ha sin daglege arbeidsstad ute ved institusjonane. Det vil vere ei sentral oppgåve for driftsteknikarane å ivareta bygge- og eigedomstenesta sin daglege eigarfunksjon.

Fylkesrådmannen meiner vidare det vil vere føremålstenleg å vidareføre ordninga med ein utpeikt driftskoordinator, eller kontaktperson, i kvar region. Ein del av koordineringa inneber m.a. å medverke til ein smidigare informasjonsflyt i organisasjonen, der koordinatorene ved behov samlar driftsteknikarane for å sikre planlegging og prioritering av teknisk retta oppgåver på tvers av institusjonar. Ein annan viktig del inneber å definere behovet for kompetansehevingstiltak for driftsteknikarane i samråd med bygge- og eigedomssjefen. Driftsteknikarane treng elles ikkje å samlast fysisk ofte.

Til dømes varme-, ventilasjons- og sanitært tekniske anlegg (VVS-anlegg) utgjer i dag kompetansekravjande fagområde. Det same gjeld dei nye energioppfølgingsystema. Uavhengig av organisering er det avgjerande at driftsteknikarane har eit teknisk hovudfokus. Fokuset er på optimale ventilasjonsløyningar, eit best muleg inn klima for tilsette og brukarar, at varme- og kjølesystem er operative samt at alt teknisk utstyr har oppfølging og vedlikehald. Fylkesrådmannen meiner desse spesialiserte funksjonane bør samordnast regionvis. Dette vil i praksis innebære at ein som har høg kompetanse på tekniske varmeanlegg nyttar sin kompetanse fleksibelt ved fleire institusjonar. Driftsteknikarane representerer alt frå elektrikarar, røyrleggarar, tømrrarar og ulike teknikarar med unike erfaringar og fagbakgrunnar. Med ein slik samla driftsteknisk ressurspool i regionane vil slikt lagarbeid medføre ei betre ressursutnytting.



Figur: Skisse til organisering for bygge- og eigedomstenesta frå 01.01.2015.

Samtlege driftsteknikarar vil frå 01.01.2015 rapportere til bygge- og eigedomssjefen gjennom sin driftskoordinator. Driftsteknikarane representerer eigarfunksjonen knytt til fylkeskommunale bygg, og dei vil samstundes utføre arbeidsoppgåver for den enkelte institusjonen i samsvar med gjeldande brukaravtale. Overføringa av driftsteknikarane til bygge- og eigedomstenesta skal ikkje føre til at rektorane ved dei vidaregåande skulane *ikkje* skal kunne nytte driftsteknikarane til andre førefallande og tilgrensande oppgåver (jf. nemnde servicetenester). Fylkesrådmannen ønskjer å vidareføre ordninga der samarbeidet om disponeringa av driftsteknikarane vert avtalefesta. Dette inneber ei vidareføring av ordninga vi alt har på plass der vi i dag har etablerte driftsteam. Dagens praksis syner at organiseringa er fleksibel t.d. i høve arrangement ved dei vidaregåande skulane, der vaktmeister gjennomfører klargjering og førebuing. Innarbeidde, praktiske ordningar treng ikkje bli råka av overføringa av driftsteknikarane til bygge- og eigedomstenesta.

Fylkesrådmannen vil også understreke at Opplæringslova sin §9a-3 gjeld for driftsteknikarane på lik line med alle andre tilsette ved dei vidaregåande skulane. Paragrafen understrekar det individuelle ansvaret tilsette har for å observere og sjå til at både tilsette og elevar oppfører seg på ein skikkeleg måte overfor kvarandre på skulen. Alle elevar har ein individuell rett til ikkje å bli sjikanerte gjennom krenkande ord og handlingar, som mobbing, vold, rasisme, diskriminering og utestenging. Alle som arbeider ved skulen pliktar å syte for at ikkje elevar vert utsette for slike handlingar. Ei endra organisering endrar ikkje dette ansvaret for driftsteknikarane.

Samhandling mellom driftsrelaterte tenesteområde

Fylkesrådmannen meiner det på lengre sikt er føremålstenleg å vurdere ei tettare organisatorisk samhandling mellom fleire driftsrelaterte tenester i fylkeskommunen, t.d. ei tettare samhandling mellom driftsteknikarane, reinhaldartenesta og IKT-koordinatorane ved dei vidaregåande skulane. Han vurderer m.a. å få på plass ein sentral ressurs som kan bistå institusjonane og planleggje ei mest muleg einskapleg reinhaldarteneste i den fylkeskommunale bygningsmassen. IKT-tenesta har også driftsrelaterte funksjonar som i større grad kan sjåast i samheng med driftsteknikartenestene. Det er gode argument for å vurdere dette nærare, men fylkesrådmannen ser føre seg at dette har eit noko lenger tidsperspektiv enn den sams organiseringa for driftsteknikarane.

HMT-perspektivet – ansvarsdeling og avklaring

Alle fylkeskommunale institusjonar er sjølvstendige einingar, og har ansvar for sitt systematiske helse-, miljø og tryggleiksarbeid. Dette er forankra i eininga sitt internkontrollsystem som ivaretek krava til standardar for arbeidsmiljøet lokalt. Institusjonane har eit heilskapleg ansvar for å svare tilsyns-myndigheitene ved førespurnad og skal dokumentere at avvik vert retta opp. Praksis med at bygge- og eigedomstenesta samhandlar med den lokale leiinga i høve til det fysiske HMT-ansvaret er god. HMT-ansvaret bør utgjere eit vurderingselement i arbeidet med å finne ei føremålstenleg organisering vidare.

Informasjon, drøfting og involvering i organisasjonsutviklingsarbeidet

Bygge- og eigedomssjefen har våren 2014, i samband med sin årlege vedlikehaldsdialog med alle dei fylkeskommunale institusjonane, orientert om fylkesrådmannen sine planar om ei felles organisering for driftsteknisk personell. Fylkesrådmannen orienterte også om saka i informasjons- og drøftingsmøtet som fylkesdirektøren for opplæring hadde med dei tillitsvalde 26.05.14. Signalet frå dei tillitsvalde i informasjons- og drøftingsmøtet var at fylkesrådmannen kan arbeide vidare med saka med sikte på å halde oppe framdrifta som planlagt.

Hovudsamarbeidsutvalet (HSU) hadde saka oppe til drøfting 12.06.14. Signalet frå HSU ...

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen ønskjer, etter samråd med fylkesutvalet, å organisere alle driftsteknikarane inn under bygge- og eigedomstenesta frå 01.01.2015. Bygge- og eigedomssjefen har i løpet av våren informert leiinga ved dei vidaregåande skulane om at dette arbeidet no vert sett i gang. Fylkesrådmannen vil innleiingsvis avklare den administrative og økonomiske ressursfordelinga mellom bygge- og eigedomstenesta og institusjonane, slik at bygge- og eigedomssjefen frå 01.01.15 kan overta oppgåvene knytt til arbeidsplanlegging og personalansvar. Neste steg inneber å finne ei føremålstenleg og effektiv intern organisering av bygge- og eigedomstenesta. Dette arbeidet vert gjennomført hausten 2014, slik at også organiseringa er klar frå og med 01.01.2015.

Fylkesrådmannen vil i samband med dette arbeidet framover gjere ei vurdering av driftsteknikarane sin samla ressursbruk i lys av arealstorleiken i den fylkeskommunale bygningsmassen. Det er eit særleg behov for å gjere ei slik samla vurdering etter at endringane frå skulebruksplanen trer i kraft hausten 2014.

Fylkesrådmannen rår vidare til at fylkesutvalet sluttar seg til at ein på sikt greier ut korleis driftsteknikarane i større grad kan ha ei organisatorisk tilknytning til andre driftsrelaterte tenester som t.d. IKT- og reinhaldartenesta.

Fylkesrådmannen legg følgjande punkt til grunn for den vidare planlegginga for å organisere alle driftsteknikarane inn under bygge- og eigedomstenesta:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune organiserer driftsteknisk personell inn under bygge- og eigedomstenesta i sentraladministrasjonen frå 01.01.2015.
2. Driftsteknisk personell skal ha sin daglege arbeidsstad ute ved dei fylkeskommunale institusjonane, og ivaretek bygge- og eigedomstenesta sin daglege eigarfunksjon.
3. Brukaravtalar for kvar einskild institusjon vert utarbeidd før organiseringa vert sett i verk.
4. For å sikre god ressursutnytting, koordinering og ei heilskapleg prioritering av teknisk retta oppgåver på tvers av institusjonar, samt for å syte for god informasjonsflyt og naudsynt kompetanseheving for driftsteknikarane, vil bygge- og eigedomssjefen samarbeide tett med regionale driftskoordinatorar. Driftskoordinatorane samlar driftsteknikarane i regionane ved behov for felles planlegging.
5. Fylkesrådmannen skal i samband med budsjettet for 2015 overføre lønsmidlar frå institusjonane til bygge- og eigedomstenesta tilsvarande driftsteknikarressursen som i dag ligg til institusjonsnivået. I tillegg skal den administrative ressursen som i dag ligg til institusjonane knytt til arbeidsplanlegging, oppfølging og personalansvar overførast til bygge- og eigedomstenesta.
6. Saka skal gjerast kjend for alle tillitsvalde. Dei tillitsvalde skal også haldast oppdaterte undervegs i førebuingsarbeidet fram mot 01.01.2015.